



Arkivnr: 2019/11153-9

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.09.2019
Fylkesutvalet		19.09.2019

Søknad frå Tide Buss AS, org.nr 910 500 805, om ruteløyve på strekninga Bergen - Sogndal

Samandrag

Den 24.06.19 forkorta Vy Buss si bussrute på strekninga Bergen – Sogndal til Voss – Sogndal. Tide Buss har søkt om ruteløyve for strekninga som Vy Buss tidlegare trafikkerte, Bergen – Sogndal. Det vil, etter fylkesrådmannen si vurdering, ha fleire positive verknader å imøtekome søknaden frå Tide Buss.

Samferdselsdepartementet har innskjerpa kravet til grunngjeving for å avslå søknader lik den aktuelle. Når den nye yrkestransportlova tek til, truleg 1. juli 2020, vil det ikkje vere naudsynt å søkje om ruter som den omsøkte. Dette peikar også i retning av å godkjenne søknaden frå Tide Buss.

Økonomi: Ingen verknad.

Klima: Mogleg marginal positiv verknad.

Folkehelse: Mogleg marginal positiv verknad.

Regional planstrategi: Ingen verknad.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner Tide Buss AS, org.nr 910 500 805, sin søknad av 30.04.19 om ruteløyve for strekninga Bergen – Åsane – Dale – Voss – Vinje – Aurland – Sogndal. Materiellet som vert nytta i rutedrifta skal ha tilgjenge for funksjonshemma, herunder rullestolbrukarar. Fylkesutvalet oppmodar Tide Buss til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i drifta.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.06.2019

Bakgrunn

Innleiing

For å drive bussruter må ein ha *ruteløyve*. Fylkesutvalet har delegert fullmakt frå Samferdselsdepartementet ('SD') og fylkestinget, til å tildele ruteløyve for bussruter som går gjennom to eller fleire fylker ('ekspressbussruter'), og som vert driven av selskap med adresse i Hordaland. Innafor retningsliner frå SD står fylkesutvalet fritt til å tildele ruteløyve til søkjarar som oppfyller visse objektive vilkår.¹

Fylkesutvalet har i brev av 30.04.19 motteke søknad frå Tide Buss AS ('TB')², om ruteløyve for strekninga Bergen – Åsane – Dale – Voss – Vinje – Aurland – Sogndal. TB oppfyller dei nemnde vilkåra. Det er difor fylkesutvalet si subjektive vurdering av søknaden som er avgjerande.

Om saker som denne heiter det i rundskriv frå Samferdselsdepartementet ('SD')³ følgjande om vurdering og grunngjeving:

Departementet har vurdert erfaringane av behovsprøvinga i høve til lokal kollektivtrafikk [...]. På bakgrunn av vurderinga ser departementet det nødvendig at fylkeskommunane gjer ei grundigare vurdering av verknadene for den lokale kollektivtrafikken ved handsaming av søknader om fylkeskryssande ruter. Kravet til grunngjeving av vedtak blir og skjerpa.

Fylkesrådmannen sitt saksframlegg er den forvaltningsjuridiske grunngjevinga for vedtaket i denne saka, med mindre fylkesutvalet vedtek ei anna grunngjeving.

Nærmare om løyveordninga

Fylkesdirektør samferdsel har fullmakt til å gje dispensasjon frå løyveplikta for inntil 3 månader, kalla *løyvefritak*.

Ved tildeling av ruteløyve *skal* fylkeskommunen setje vilkår om tilgjenge, og *kan* - innafor grenser fastsette av departementet - setje visse andre vilkår. Om dette heiter det i nemnde rundskriv m.a følgjande:

Departementet meiner at det ikkje er tilstrekkeleg grunn for å påleggje vilkår om forbod mot lokaltrafikk eller avslag på søknaden, at ekspressbussruta kan føre til inntektstap for eksisterande lokalruter som har kompensasjon frå fylkeskommunane. [...]

Fylkeskommunane vil som før kunne påleggje løyvehavar vilkår for å ivareta overordna funksjonar, som bruk av traséar, trafikknutepunkt, takstsamarbeid mv. Det skal stillast vilkår om at materiellet skal ha tilgjenge for funksjonshemma, herunder rullestolbrukarar.

[...]

Som omtalt i tidlegare saker, har SD presisert at vilkåra må henge saman med «*løyvet sin funksjon*», og spesifikt at det *difor ikkje kan* setjast vilkår til utslepp frå bussane.⁴

Stortinget vedtok 05.16.19 *Prop. 69 L (2018-2019) Endringar i yrkestransportlova (ekspressbuss)*. I denne finn ein m.a følgjande ordlyd:

¹ God vandel, tilfredsstillande økonomi, og tilfredsstillande faglege kvalifikasjonar. Dette vert kontrollert av administrasjonen i samsvar med gjeldande lovreglar.

² Org.nr 910 500 805.

³ *Rundskriv N-2/2017 – Behovsprøving av fylkeskryssande bussruter.*

⁴ Kommunane har i forskrift eit «*rammeverk*» for å innføre *lågutsleppssonar*, noko som indirekte kan påverke utsleppa frå den kommersielle kollektivtransporten.

Proposisjonen omhandlar endringar [...] som vil gje høve til å fritt kunne etablere kommersielle bussruter lengre enn 80 kilometer éin veg, med høve til å kunne ta lokaltrafikk undervegs. [...]

Eit døme på følgja av lovendringa er at ein fritt vil kunne starte ei kvar form for bussrute mellom Bergen og Øystese (ca 81 km), og ta med betalande passasjerar frå Bergen sentrum til Åsane.

Administrasjonen har fått opplyst frå SD at lovendringa er venta å ta til 01.07.20. Det vil då ikkje lenger vere naudsynt å søkje om løyve for å drive slik rute som den som her og no er til handsaming. Den fylkeskommunale organiseringa av busstilbodet langs slike strekningar vil då endre seg.

Konkurranseflate

Vy Buss AS⁵ ('VB') hadde til og med 24.06.19 4 daglege avganger kvar veg på same strekning som den omsøkte ruta.⁶ No trafikkerer dei berre strekninga Sogndal – Voss, med overgong til tog til Bergen sistnemnde stad. Rute lik den VB hadde er likevel framleis i gong i regi av TB, med heimel i tildelt *løyvefritak*. Dette er nærmare omtalt seinare i saka. I tillegg var og er det 1 dagleg avgang kvar veg på strekninga Bergen – Gudvangen – Håbakken med Øst-Vest Xpressen.

Langs hovuddelen av rutestrekninga som er i Hordaland, med unnatak av strekninga Voss – Dale – Herland/Arna, er det eit samanhengande rutetilbod med god frekvens, både i tett- og spreidtbygde område. Dette rutetilbodet vert utført både av Skyss og av kommersielle ruter. Langs den delen av rutestrekninga som er i Sogn og Fjordane er det tilsvarande rutetilbod på den delen av strekninga som har høg busetnad: Håbakken – Sogndal. Dette rutetilbodet er ikkje saumlaust; ein må byte buss og normalt vente, både på Voss og på Håbakken.

Dei nemnde kommersielle rutene i Hordaland er/var uforpliktande integrert i Skyss sitt rutetilbod, men mottok ikkje tilskot.

På strekninga Voss – Dale – Herland (– Bergen) har Skyss 1 avgang kvar veg på kvardagar, samt 1 avgang søndagar frå Bergen. Med VB si innstilling av rutedrifta på denne delstrekninga er såleis det samla rutetilbodet her redusert frå 6 til 1-2 avgangar kvar veg. Dersom søknaden frå TB vert imøtekomen vert det 2-3 avgangar kvar veg.

Reisande mellom den omsøkte ruta sine to endepunkt kan nytte både fly, snøggått, buss, privatbil og kombinasjonar med tog. Av desse transportformene er som kjent buss, eller buss i kombinasjon med tog, mest miljøvenleg.

Løyvefritak i sakshandsamingsperioden

TB søkte samstundes med søknaden om ruteløyve om løyvefritak i sakshandsamingsperioden. Dette gjev høve til å drive den aktuelle ruta i 3 månader utan at anna enn dei objektive vilkåra for drift er oppfylt. Fylkesdirektør samferdsel har i grunngeve vedtak med heimel i yrkestransportlova og det fylkeskommunale delegasjonsreglementet, nytta si fullmakt til å tildele slikt løyvefritak. Dette for å unngå opphald i bussrutetilbodet på strekninga fram til fylkesutvalet har tatt stilling til saka. Vedtaket gjeld til og med 24.09.19.

Søknaden

Søknaden gjeld 1 avgang dagleg tur-retur. TB viser i søknaden til ovannemnde bortfall av rutetilbod. I søknaden heiter det også m.a følgjande:

Etter Tides oppfatning er en slik dispensasjon særlig aktuell når vi vet at regjeringen lenge har gitt signaler om en oppmykning i løyvebehandling knyttet til ekspressbuss – og at det per i dag foreligger et forslag (med flertall) til Stortinget hvor behovsprøving av ruteløyvet på ruter over 80 km skal fjernes.

⁵ Org.nr 976 948 394. Dette selskapet heitte inntil nyleg Nettbuss AS.

⁶ Laurdagar 2 avgangar.

Det er ikkje søkt om tilskot til den omsøkte ruta. Dersom denne også vert integrert i Skyss sitt rutetilbod vil det samla rutetilbodet på strekninga i utgangspunktet forbli uendra, og ein vil framleis kunne reise med buss mellom Bergen og Sogndal utan byte.

Fylkesrådmannen si vurdering

På grunn av nemnde lovending, vil vedtaket i denne saka i praksis berre gjelde i ca 1 år dersom søknaden ikkje vert godkjent utan andre vilkår enn dei som SD krev. Fylkesrådmannen er i alle høve positiv til at direktebusstilbodet mellom Bergen og Sogndal vert vidareført. Dette m.a fordi tilbodet er heilt saumlaust, representerer eit supplement og ein konkurranse til togtilbodet, gjer reisa enklare for dei som har dårleg «matetilbod» til/frå toget, og fordi det aukar rutefrekvensen monaleg for dei som bur på strekninga Herland – Voss.

På grunnlag av vurderinga over, rår fylkesrådmannen til at søknaden frå TB vert godkjent. Dette med SD sitt krav «*om at det skal stillast vilkår om at materiellet skal ha tilgjenge for funksjonshemma, herunder rullestolbrukarar*» teke inn som vilkår, og den vanlege oppmodinga om å nytte miljøvenleg materiell i rutedrifta.